



Bokn kommune

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012-2016

Vedtatt av kommunestyret i Bokn

18.12.12, sak xx/12

Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS

30.11.2012

INNHALDSLISTE

Innhold

1. INNLEIING	3
2. AKTUELLE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON	3
3. AKTUELLE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR PERIODEN 2012-2016	4
3.1 Generelt	4
3.2 Tidligere foreslåtte prosjekt	5
3.3 Prioriterte områder for forvaltningsrevisjon	5
4. PROSJEKT SOM ER VURDERT, MEN IKKJE PRIORITERT	5
5. RAPPORTERING OM GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON	6
6. OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT FORVALTN.REVISJON	6

PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON 2012 - 2016

BOKN KOMMUNE

1. INNLEIING

I tråd med Forskrift om kontrollutvalg, § 10, skal kontrollutvalet utarbeide ein plan for forvaltningsrevisjon basert på ein overordna analyse av kommunens verksemd. Planen skal vedtas av kommunestyret.

Forvaltningsrevisjonsarbeidet har etter kvart blitt ein sentral del av kontroll- og tilsynsarbeidet i kommunal sektor og det er derfor viktig at kontrollutvalet og kommunestyret bruker plan for forvaltningsrevisjon som eit reiskap for å utøve ein mest mulig målretta og effektiv tilsynsfunksjon i kommunen. Kontrollutvalet vil ha planen til fortløpande vurdering og gi tilbakemelding til kommunestyret dersom det oppstår forhold som gjer dette naudsynt.

Plan for forvaltningsrevisjon skal bygge på ein overordna analyse av verksemda i Bokn kommune ut frå ei risiko- og vesentlegheitsvurdering. Formålet er å bidra til at Bokn kommune driv si verksemd etter gjeldande lover og føresegn, og oppnår dei målsettingane som kommunen har sett for si verksemd i vedtekne planar, budsjett, årsmeldingar og andre politiske vedtak.

2. AKTUELLE OMRÅDE FOR FORVALTNINGSREVISJON

2.1 Kommunens verksemd

Planen er utarbeidd med tanke på forvaltningsrevisjon i kommande 4-årsperiode. Kommunens verksemd er i stadig endring. Organisasjonsmessige forhold og eksterne føresetnader knytt til økonomi, statlige føringar og krav m.v. vil variere i løpet av nokre år. Desse variasjonane kan ha innverknad på kva for område der det er mest hensiktsmessig å setje inn ressursar til forvaltningsrevisjon.

Prosjekta som vert trekt fram her er fleire enn det som er realistisk å gjennomføra i løpet av perioden. Kommunestyret bør delegere til kontrollutvalet å foreta nødvendige og grunngitte endringar frå prioriteringane i planen. Det er av budsjettmessige grunner ikkje realistisk å få gjennomført meir enn 2 prosjekt i denne planperioden.

2.2 Kommunalt heileigde selskap

Gjennomføring av ein avgrensa forvaltningsrevisjon i kommunalt heileigde selskap er eit valfritt alternativ dersom selskapet (IKS eller AS) er heileigd av kommunane, jfr. kommunelovens § 80. Dette kan vera aktuelt dersom funn frå obligatorisk eigarskapskontroll knytt til gjennomført selskapskontroll, tips eller politiske vedtak/føringar viser at det er forhold som kontrollutvalet meiner bør bli nærare undersøkt. Det vert her vist til eigen Plan for selskapskontroll for 2012-2016.

3. AKTUELLE FORVALTNINGSREVISJONSPROSJEKT FOR PERIODEN 2012-2016:

3.1 Generelt

Omfanget av forvaltningsrevisjon er avhengig av identifisert behov og dei ressursar som vert stilt til rådighet for oppgåva. Analyse må sjåast på som eit verktøy til å foreta ei prioritering av område/tema som er aktuelle for forvaltningsrevisjon, saman med innspela som er mottatt.

3.2 Tidligere foreslåtte prosjekt

I perioden 2008-2011 ble følgende problemstillinger sett opp som prioriterte prosjekt:

1. Inntekter frå tenester som etter lov og forskrift følgjer prinsippet om sjølvkost
2. Kjøp av konsulenttenester
3. Oppfølging av kommunale restansar
4. Elektronisk post
5. Kommunale bustader
6. Turnusplanar
7. Sal av fast
8. Vedlikehald av leikeutstyr

I 4-års perioden blei ingen av prosjekta gjennomført. Kontrollutvalet valde i møte 08.10.09, sak 12/09 prosjekt nr 2 *Kjøp av konsulenttenester*, men Haugaland kommunerevisjon leverte aldri nokon prosjektplan eller rapport dei neste åra.

3.3 Prioriterte prosjekt for forvaltningsrevisjon

Kontrollutvalet har med bakgrunn i det som er komme fram i møte 12.09 og 28.11.12 vurdert nedanforstående områder/tema som prioritert for forvaltningsrevisjon i 2012-2016.

Kvart tema vil bli nærare utdjupa og avgrensa i dialog med revisor i forbindelse med endelig bestilling av undersøkingane:

1. Økonomisk sosialhjelp

- **Pasient- og brukarrettar innan helse/omsorg**
- **Handtering av sjukefråveret**
- **Barnevern**
- **Samhandlingsreforma**

4. PROSJEKT SOM ER VURDERT, MEN IKKJE PRIORITERT

Kontrollutvalet har også vurdert desse innspela, men dei vart ikkje prioritert (alfabetisk oppsett):

- Beredskap
- Innkjøp
- Kommunale arkiv
- Kvalitet i pleie og omsorg
- Natur og miljø
- Næring/næringsområde
- Plan og byggesak
- Servicetorget/omdømme

5. RAPPORTERING OM FORVALTNINGSREVISJON

I tråd med forskrift om revisjon § 8 skal revisor rapportere fortløpande til kontrollutvalet om resultat av gjennomført forvaltningsrevisjon i form av ein utarbeidd rapport. Vidare er kontrollutvalet pålagt å rapportere tilsvarande til kommunestyret. Med mindre kommunestyret vedtar spesielle føresegn for når og korleis denne rapporteringa skal gå føre seg, er det opp til kontrollutvalet å finne form og frekvens for dette.

6. OPPFØLGING AV GJENNOMFØRT FORVALTNINGSREVISJON

Kontrollutvalet skal etter gjennomført forvaltningsrevisjon sjå til at kommunestyrevedtak i samband med handsaming av rapport om forvaltningsrevisjon vert følgt opp av administrasjonen. Det skal også rapporterast om tidligare saker som etter utvalets meining ikkje er blitt følgt opp på ein tilfredsstillande måte.

Rapportering til kommunestyret om oppfølging av forvaltningsrevisjon vil skje gjennom oversending av enkeltsaker til orientering.

7. SLUTTORD

Dersom kontrollutvalet meiner det vil ha **høgare nytteverdi** å iverksette forvaltningsrevisjon på andre områder enn de som er foreslått/vedtatt, bør kontrollutvalet ha fullmakt til å foreta endringar. Slik fullmakt hadde også kontrollutvalet i førre periode.

Andre endringar kan også skje som følgje av at kommunestyret sjølv vedtar konkrete bestillingar i løpet av planperioden
